

Arkiv: FA-L32

Arkivsaknr: 21/26123-16

Saksbehandlar: Agnethe Veivåg

SAKSFRAMLEGG

SAKSGANG

Utval.	Møtedato	Saknr
Delegert – Plan/geodata/oppmåling		002/22

Delegert vedtak - Nye adressenamn akode 4001-4006

Kort om saka:

Retningsliner for adressering og tildeling av adressenamn i Øygarden kommune vart vedteke 17.06.2021 (KS-sak 091/21). Gjennom retningslina vart det oppretta eit administrativt namneutval, og eining plan, geodata og oppmåling vert delegert namnemynde for kommunen. Namneobjekt av stor offentleg betydning vart ikkje delegert.

I denne saka vert det gjort vedtak om tildeling av fire adressenamn og to områdenamn. Namneutvalet i kommunen har i saksførebuinga gått gjennom diverse materiale og kart for dei aktuelle områda. På bakgrunn av materiell som namneutvalet har funne har dei føreslege namn, men samstundes oppmoda til andre forslag frå publikum. Høyringa vart sendt til alle grunneigarar for områda, men også til lag/organisasjonar, mållag, kulturlag ol. der dette fanst. Høyring vart dessutan lagt på Øygarden kommune sine heimesider 15.12.2021 med høyringsfrist 15.02.2022.

Innkomne forslag saman med Namneutvalet sine forslag, vart sendt til Språkrådet for tilråding 21.02.2022. Namneutvalet ønska også ei prioritert rekkefølge vedrørande tilrådinga, dersom det var fleire aktuelle namn for eitt område.

Namna som no vert lagt fram er sjekka opp mot eksisterande namn i Øygarden kommune, og om dei kan forvekslast i uttale eller skrivemåte.

Vedtaket om nye vegnamn skal kunngjerast i Vestnytt, samt på heimesida til Øygarden kommune.

Vedtak:

- Einingsleiar ved plan, geodata og oppmåling vedtek i medhald av Matrikkellova § 21 og Stadnamnlova § 7 følgjande vegar med adressenamna:
Akode 4001: Huldraspelmyra
Akode 4002: Brakadalsvegen
Akode 4003: Merkesgardsvegen
Akode 4004: Torshola
- Einingsleiar ved plan, geodata og oppmåling vedtek i medhald av Matrikkellova § 21 og Stadnamnlova § 7 følgjande områdeadresser med adressenamna:

Akode 4005: Kylleren
Akode 4006: Høgøyana

Dokument vedlagt saka:

Adressenamn til uttale hos Språkrådet
Adressenamn til uttale
Tilråding – Namn på sju adresseparsellar
Spørsmål om tilrådde stadnamn
Tilråding vegnamn veg 4001 og 4015
Adressenamn til uttale hos Språkrådet
Merkesgardsvegen – tilråding

Saksopplysningar:

Akode 4001: Huldraspelmyra ([kart](#))

Opprinneleg var det eit lite nabolag knytt til vegen med adressenamnet Huldraspelet. I seinare tid er det blitt utforma og godkjent ein reguleringsplan med planID 124620070016. For å unngå omadresseringar på eksisterande bustader og ulogisk nummerering, vart det oppretta ny vegparsell mot vest i den nye reguleringsplanen.


Innkomene forslag: Huldraspelmyra

Adm. forslag: Huldraspelmyra (mynta på eksisterande veg Huldraspelet, samt at det i Hordanamn heiter Torvmyra på staden vegen går. Huldraspelmyra vert difor passande.

Tilråding frå Språkrådet: Huldaspelmyra, men vart sidan omgjort til Huldraspelmyra.



Utklipp viser vegparsellens trase



Utklipp viser namn frå stadnamnsamlinga Hordanamn

Språkrådet tilrådde først Huldaspelmyra. Namneutvalet i Øygarden kommune gjorde Språkrådet i ettertid merksam på at det i området allereie er etablert eit vegnamn i området; Huldraspelet. Språkrådet svara i nytt tilrådingsbrev at: *Sidan det hokjønnsordet som er lagt til grunn for førelekken i namnet, har forma hulder i dei gjeldande rettskrivingsordlistene, og sidan Huldraspelet er ei innarbeidd vegnamnform, kan me støtta framlegget frå kommunen om å la namnet på den nye vegparsellen bli skrive **Huldraspelmyra**.*

Akode 4002: Brakadalsvegen ([kart, blå trase](#))


Det er utarbeidd og godkjent ein reguleringsplan med planID 124620160003 i området sør for Valderhaugane. Reguleringsplanen legg til rette for ca 180 nye bueiningar. Området blir delt opp i tre adresseparsellar. Desse må sjåast i samanheng med adresseparsell med akodane 4003 og 4015.

Den blå traseen:

Innkomne forslag: Brakadalsvegen, Skulehusbakken

Adm. forslag: Brakadalsvegen/Brakedalsvegen/Brakjedalsvegen, Skulehaugen/Skulehusaugen

Tilråding frå Språkrådet: Brakadalsvegen



Utklipp viser vegparsellens trase i blått.



Utklipp viser namn frå stadnamnsamlinga Hordanamn

Også Skulehusbakken og Skule(hus)haugen er føreslege for denne vegparsellen, men sidan adresser med *Skule*- allereie finst fleire stader i kommunen, spurde kommunen seg om det er uheldig å kalla vegen for noko med *skule*. Språkrådet støttar vurderinga til kommunen og skreiv i si tilråding: *Med tanke på det som det er synt til her, finn me det mest tilrådeleg at ein legg namnet Brakadalen til grunn for adressenamnet. [...] Det avleidde vegnamnet bør skrivast **Brakadalsvegen**.*


Akode 4003: Merkesgardsvegen ([kart](#), [raud trase](#))

Den raude traseen:


Innkome forslag: Grønnfjellsvegen, Grønnfjellshatten, Merkesgardmyra

Adm. forslag: Grønnfjellvegen/Grønnfjellvegen, Merkesgardvegen/Merkjesgardvegen

Tilråding frå Språkrådet: **Merkesgardsmyra** og **Merkesgardsvegen**



Utklipp viser vegparsellens trase i raudt.



Utklipp viser namn frå stadenamnsamlinga Hordanamn

I Språkrådet sitt tilrådingsbrev skreiv dei at *I den lokale namnesamlinga er «Merkjesgarsmyra» registrert som namn på den myra som vegparsellen ligg på, og me tilrår at parsellen får namnet **Merkesgardsmyra**.*

Namneutvalet i Øygarden kommune meiner at vegen ikkje skal gå heilt til -myra, og at parsellen meir passende bør heita -vegen. Namneutvalet meiner at terrengformasjonar skal leggest vekt på, men at vegparsellen i dette tilfellet ikkje rekk fram til myra og kan vere misvisande, og sendte

Merkesgardsvegen til Språkrådet for tilråding. Dei svara at: *Skrivemåten Merkesgardsvegen må seiast å vera fullt ut tilrådeleg.*

Akode 4015: Grønfjellvegen:

Den grønne traseen:

I publikumshøyringa kom det innspel å dele veg 4003 i to parsellar. Administrasjonen tok innspelet til følge, og oppretta veg med Akode 4015, med ønska namn: Grønfjellvegen. Skrivemåte på denne vegen er ikkje tilrådd og godkjent, då fjellet det er snakk om er omtala i kartet som *Grunnfjellnuten*. I samråd med Kartverket vert det difor starta namnesak på dette stadnamnet. Vidare sakshandsaming vedrørende denne adresseparsellen er sett på vent til det er gjort ei endeleg avgjerd i skrivemåte på primærnamnet Grunnfjellnuten.


Akode 4004: Torshola (kart)

Det vart i 2017 godkjent ein reguleringsplan med planID 125920120012 for området med ei fortetting i eksisterande bustadområde. Dette gjer til at det ikkje er nok ledige adressenummer til dei nye einingane, utan at heile feltet må bli omadressert. Administrasjonen har difor oppretta ny adresseparsell for den nye reguleringsplanen.


Innkomne forslag: Ingen

Adm. forslag: Austre Solvang, Tøss-/Tors-/Tosshola/-hølo, Solvanghola/-hølo (basert på namn funne i stadnamnsamlinga Hordanamn, samt eksisterande adressenamn Solvang)

Tilråding frå Språkrådet: Torshola



Utklipp viser vegparsellens trase.



Utklipp viser namn frå stadnamnsamlinga Hordanamn

Språkrådet skreiv i sitt tilrådingsbrev at Namnet bør skrivast **Torshola**.

Dei grunngir dette med: På nettsida Hordanamn er det «Tøsshölo» som er registrert som nedarva namn på det dalsøkket der vegparsellen ligg, og me tilrår at dette namnet blir lagt til grunn for parsellnamnet.

Områdeadressering:


I område utan klare vegsystem kan ein tildele *områdeadresser*. Områdeadresser har same struktur som ordinære vegadresser med adressekode, adressenamn og eit adressenummer til kvar enkelt eining. Skilnaden er at adresseparsellane ikkje er knytt til ein veg, men til dømes eit stisystem, eit område, ein plass eller liknande.

Akode 4005: Kylleren [\(kart\)](#)

Innkome forslag: Kylleren

Adm. forslag: Kylleren

Tilråding frå Språkrådet: Kylleren




Utklipp viser områdeadressas omfang.

Akode 4006: Høgøyna (kart)

Innkomne forslag: Høgøy, Høgøyna

Adm. forslag: Høgøyna

Tilråding frå Språkrådet: Høgøyna



Utklipp viser områdeadressas omfang.

For områdeadressene tilrår Språkrådet i tråd med innsende forslag og skriv: *Så langt me kan sjå, er det tilrådeleg å la **Kylleren** og **Høgøyna** bli nytta som namn på to adresseområde i fjordstykket mellom Brattholmen og Valen.*

Folkehelseperspektiv:

Det er klare fordelar med offentlig vegadresse i kommunen.

Kartverket skriv mellom anna dette på sine nettsider:

«En presis adresse er mange steder en forutsetning for at ambulanse og andre utrykningskjøretøyer

skal finne raskt fram. Verdifulle minutter og i verste fall liv kan gå tapt på grunn av uklare kjørebekrivelse.

Med stadig mer sentraliserte alarmsentraler kan man ikke lenger forvente lokalkunnskap hos den som tar imot nødtelefonen. Misforståelser kan oppstå når adressen som oppgis er mangelfull, ikke minst i områder der man fortsatt bare opererer med gårds- og bruksnummer, eller der det mangler adressenavnskilt (vegnavnskilt) og adressenummerskilt (husnummer).»

Økonomiske konsekvensar:

Eining eigedom, drift og vedlikehald har ansvar for å setje opp adressenamnskilt og tilvisingsskilt der dette er naudsynt. Dette går frå budsjettet til Eining eigedom, drift og vedlikehald.

Vurdering:

Huldraspelmyra – Namnet er i tråd med innspel frå publikum, samt administrasjonen. Det er også i tråd med tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Huldraspelmyra vert vegnamn for adressekode 4001.

Brakadalsvegen – Namnet er i tråd med eitt av innspela frå publikum og administrasjonen. Det er også i tråd med tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Brakadalsvegen vert vegnamn for adressekode 4002.

Merkesgardsvegen – Namnet er i tråd med forslag frå administrasjonen. Det er også i tråd med tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Merkesgardsvegen vert vegnamn for adressekode 4003.

Torshola – Ingen innspel frå publikum. Administrasjonen hadde fleire aktuelle namn, og bad Språkrådet ta ei avgjerd på prioritert adressenamn. Torshola er i tråd med tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Torshola vert vegnamn for adressekode 4004.

Kylleren – Namnet er i tråd med innspel frå publikum, samt administrasjonen. Det er også i tråd med tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Kylleren vert områdeadressa for adressekode 4005.

Høgøyna – Namnet er i tråd med innspel frå publikum, samt administrasjonen. Det er også i tråd med tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Høgøyna vert områdeadressa for adressekode 4006.

Klagerett:

Det er klagerett på vedteke skrivemåte av adressenamn.

Vedtak kan påklagast av dei som etter Stadnamnlova § 6 (bokstav a-c), har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn jf. Stadnamnlova § 12 – Klage:

- a. eit offentleg organ og andre som er nemnde i § 1 tredje ledd*
- b. eigaren eller festaren i saker som gjeld namn på eige gardsbruk eller eigedom*
- c. ein lokal organisasjon med særleg tilknytning til eit stadnamn*

Klagefrist er 3 veker frå kunngjering. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen, jf. forvaltningslova §§ 29 og 30. Klaga skal grunnvist og sendast skriftleg til kommunen, jf. forvaltningslova §32.

Kommunen handsamar klagen i tråd med gjeldande lovverk. Dersom klagen ikkje vert teke til følgje, vert saka sendt til Klagenemnda for stadnamnsaker. Klagenemnda sitt vedtak er endeleg.